

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 18.10.2018

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN – ORIENTERING TIL KOMMUNESTYRET
- DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2018
- STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING PR. 31.08.2018
- SØKNAD OM SKJENKELØYVE TVEITA MAT
- SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE
- GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR GULEN INDUSTRIHAMN. GBNR. 63/1 OG 63/15 M.M. HALSVIK
- RAMMER FOR LOKALE FORHANDLINGAR 2018

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordfører

## Ny informasjon om nye omsorgsbustader og aktivitetssenter på Dalsøyra

Prosjektet er ferdig i løpet av oktober måned.

I månedsskifte november/desember vil kommunen invitere til informasjonsmøte for dei som er interesserte i å kjøpe eller leige bustad.

Kommunen vil kome med meir informasjon etter kvart.

Har du spørsmål kan du kontakte  
Kommunalsjef omsorg Ingebjørg Søreide  
Telefon 57782004  
[Ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no](mailto:Ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no)

## Endring i fakturautsending frå Gulen kommune hausten 2018

Gulen kommune vil frå 22.10.18 endre litt på måten fakturaene blir sendt ut på. Dvs. alle som har avtalegiro eller efaktura-avtale vil ikkje merke nokon endring, bortsett frå at fakturaen ser litt annleis ut. Viss du ikkje har avtalegiro eller efaktura, kan du no få fakturaen tilsendt til vipps. Viss du ikkje har vipps, eller vi ikkje har mobilnr ditt, kan du få faktura tilsendt til din digitale postkasse (Digipost eller eBoks).

Viss du ikkje har noko av dette ovanfor, blir faktura sendt via epost, om vi har epostadressa di. Siste alternativ er utsending av papir-faktura.

Dei nye fakturaene kan ikkje brukast til betaling via brevgiro. Betalar du via brevgiro, må du benytte ein tom bankgiroblankett, fyller ut nødvendig informasjon som du finn på den tilsendte fakturaen og deretter benytte den ferdig utfylte bankgiroblanketten til betaling via brevgiro.

Slike tomme bankgiroblankettar kan du få i din lokale bank eller på kommunehuset. På kommunehuset kan du og få hjelp til utfylling av tomme bankgiroblanketter.

Informasjon som må fyllast ut på den tomme fakturablanketten er:

Beløp  
Betalers bankkontonummer  
Betalt av  
Betalt til  
Kundeidentifikasjon (KID)  
Kroner og øre  
Til konto

Vi oppmodar flest mogleg om å ta i bruk avtalegiro og/eller efaktura. Dette ordnar du gjennom banken din. Ønskjer du å melde inn mobiltelefonnummer for å motta faktura i vipps eller epostadresse for å få faktura på epost, kan du sende dette til

[faktura@gulen.kommune.no](mailto:faktura@gulen.kommune.no). Oppgi då kundenr fakturaen gjeld.

## Opning av prestegardstien del 1

Vi gratulerer Eivindvik Idrettslag og eldsjelene Maike Norman Bøe og Rune Håvåg med eit fantastisk flott anlegg.



Turstien mottok 1 million i spelemidlar i 2017 og er no offisielt opna. Her har vore gjort eit godt arbeid med dugnadsinnsats og søknadsskriving for å få dette prosjektet realisert, og takka vere eldsjelene saman med bedrifter og privatpersonar har ein kunne realisere tiltaket.

Offisiell opning fann stad 22 september, og det var ca 100 frammøtte for å vere med å sjå varaordføraren klyppe snora og gå turen, samt finne idealtida på denne distansen. Ivar Rutledal kom nermast.

Bygda og kommunen kan rette ei stor takk til gjengen som har jobba fram dette resultatet. Roy Nærdal har vore entreprenør i prosjektet, og Susan Norman har designa skiltet. Einaste som gjenstår å sei no er - GOD TUR FOLKENS!



## Om TV-aksjonen 2018



TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjons arbeid for å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. I år går TV-aksjonen av stabelen søndag 21.oktober.

Norge er eit samfunn der forskjellane øker. Forskjellar som ikkje først og fremst handlar om etnisitet eller religion, kor du kjem frå eller kven du er. Men om du er innanfor eller utanfor.

Det er mange måtar å vere utanfor på. Frå å mangle ei seng å sove i, til å vere utanfor arbeidsliv eller sosiale fellesskap. Dette rammar ikkje berre enkeltpersonar, men gir ringvirkningar for heile befolkninga.

Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møter som endrar liv. Ved å opne dører og leggje til rette for at fleire møtes, skal vi vise kvifor årets TV-aksjon er viktigare enn aldri før.

Les meir om Kirkens Bymisjons arbeid på: <https://www.blimed.no/tv-aksjonen-2018/>



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100